



Vegard Døssland har fått topprompet. Her spelar han på den gamle.

Den lovande trompetist Vegard Døssland frå Uskedalen har no skreve takkebrev til kommunen for tildelinga av 10.000 kroner av Solsikkeprisen til instrumentkjøp.
- Det var verkeleg svært inspirerende og eg set veldig stor pris på det, skriv han.
Vegard er veldig takksam for tildelinga, som inspirerar han i det vidare øvingsarbeidet.

Instrumentet er kjøpt og Vegard har, som uskedalen.no har meldt før, vore utruleg heldig. Etter at faren hans hadde forhandla ferdig pris på ein ny trompet med ein musikkforretning, fekk Vegard eit kjempe tilbud frå forbildet sitt, Espen Westbye i Stavanger. Han fekk kjøpa ein topprompet av han, som han berre hadde brukt på ein konsert.

Vegard fekk den for 10.150 kroner inklusive frakt medan han i forretning måtte ha betalt i overkant av 20.000 kroner for det same instrumentet.

Etter tildelinga har han fått fleire spørsmål om speleoppdrag. Han har spelt på Kvinnherad Revmatikarlag sitt julebord og skulle ha spelt på lysmessa i Uskedal kyrkje.

Julaftan skal han spela saman med organisten under gudstenesta i Uskedalen,

Av Ola Matti Mathisen